


# Osingen

Årsskrift 1988  
Utgjeve av Os Mållag



# Osingen 1988

Utgjeve av  
Os Mållag

## INNHALD:

Henning Henriksen: Det er godt .....	side 1
Samson Bjørke: Seterbruk i Os .....	side 2
Arne Aarseth: Bergen Packing – ein hjørnestein .....	side 5
Barnesider ved 4. kl. og 5. – 6. kl. Hegglandsdalen skule .....	side 8
Jostein Røttingen: 45 års fartstid i A/S Sundt & Co. ....	side 10
Margit Tøsdal: Minne frå stortingsarbeidet .	side 13
Ådne Lunde: Os Jazzlag: Der folk og musikk møtest .	side 17
Erik Vangsnes: Landliggjjarliv i Os .....	side 19

### Skriftnemnd:

Samson Bjørke  
Henning Henriksen  
Kåre Herdlevær  
Margit Tøsdal  
Jostein Røttingen

Framsida og teikningar:  
Bernt Kristiansen

Trykk:  
Risan & Larsen A.s, Os

Kr. 20,-

## Til lesaren

For fjerde gong sender Os mållag ut Osingen. Denne gongen har me valt å satsa meir på yngre krefter. Me trur at eit slikt årsskrift kan vera ein brubyggjar mellom unge og eldre, og at det kan syna at me har mange sams interesser. Det er viktig at me tek vare på bygdekulturen vår, og at me let kulturarven gå vidare til den oppveksande slekta. Likevel må me ikkje hengja oss så fast i det gamle at me lever i fortida og ikkje ser det som rører seg kring oss.

Me må vera opne og vakne for det som skjer i landet vårt. Me må læra oss til å godta andre menneske med ein annan kulturbakgrunn enn vår og med andre seder og skikkar.

Me lever i ei folkevandringstid, ei tid då menneske leitar etter eit nytt fedreland og ein trygg stad å leva. Me får nye grannar som har ein annan kultur, eit anna morsmål og ofte ein annan hudfarge.

Det er ei utfordring og ei oppgåve for oss å ta vel i mot desse nye grannane våre, hjelpa dei til å finna seg til rette her og gjera dei til våre venner.

Lat oss i året som kjem, samstundes som me tek vare på vår eigen kultur, seia Ja til eit fargerikt fellesskap.

God jul til alle lesarar!

Med helsing frå skriftnemnda




## Helsing

Til .....

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå .....



## *Det er godt*

*Det er godt å eige venner når livet synest trist.  
Det er godt å eiga venner når motet du har mist.*

*Det er godt å kjenna varme frå andre menneske.  
Det er godt å kjenna varme frå dei du lever med.*

*Det er godt å møte kjærleik i enkle kvardagsord.  
Det er godt å møte kjærleik frå søster og frå bror.*

HENNING HENRIKSEN



Øvreidseter i Friskogane slik ho truleg såg ut på 1800 talet.

## Seterbruk i Os

Av Samson Bjørke

Å freista gjenkalla ei tid då det var seterdrift i Os, kan vera vanskeleg, avdi setring tykkjest vera slutt alt i førre århundre i bygda.

Ein annan grunn, er at me finn få stader at støling har vore brukt som driftsmåte i tradisjonell forstand ved at dei budde på setra og foredla avdrotten der. Dette har gjort at lite tradisjonsstoff er ført fram gjennom generasjonane. Likevel har eg gjennom arbeidet med stoffet funne fram til ei handfull personar som har gjeve meg opplysningar eg byggjer på i denne korte artikkelen.

Seter som ending i namn, finn me i ei rad samansette ord. Det gamalnorske uttrykket setr ser ut til å ha vore knytt til gardsnamn, medan skrivemåten sætr knyter seg oftast til stader dei har drive seterbruk.

I Os finn me sæter knytt til området kring Steindalen, avgrensa av fjellpartiet Møsnuken/Rødfjell og høgdedraga ovanfor Lønningdal i aust, og Gåssandvatnet/Raudlivatnet i vest. Gardane Rød, Molda, Klyva og Bjånes stolte i Steindalen. Bøsæter i Friskogane var seter for Bøgardane og ein tredje stad i same området er Øvreidseter, nokre kilometer lenger sør.

Me finn og at sæternamnet er knytt til garden Midt-sæter, noko som får oss til å stilla spørsmålet om her har lege ei seter frå først av, og som seinare har vorte teken i bruk som gard.

Andre stader i kommunen er vanskeleg å sjå at dei har drive seterbruk i tradisjonell form.

Sjølv om seterbruk ikkje var utbreidd i bygda, kan dei nemnde stølsområda vera gamle, men sikker dokumentasjon har me ikkje, ut over at garden Heggland hadde stol ein stad i Steindalen før 1650.

Gardane Molda, Klyva og Bjånes hadde frå gammalt av beiterett på kyrkja sine eigedomar i Steindalskogane. Men ved matrikeloversynet i 1723, viser det seg at dei ikkje er førde opp med egne setrar. Stemmer dette, vitnar det om at seterdrifta ikkje har vore sterk på denne tid. Det er i alle høve grunn til å tru at dei ville nemnt setrane sine om dei hadde seterhus der.

Truleg fekk desse gardane sett seg opp stølshus på 1700 talet. Dette vitnar ei sak frå 1813 om, avdi ein her finn at stølshusa i Steindalen var til nedfalls og bygde opp frå nyo dette året. I 1819 finn me ein tinglyst kontrakt som stadfestar at gardane framleis hadde beiterett, og at «Sæterhuset maa ikke flyttes».

Hegglandsdalgardane Midthus og Hjemdal har og eigedomar knytt til fjellområda nord-vest om dalen og nytta desse som stølsområde. Men truleg har dei ikkje drive seterdrift i tradisjonell forstand, avdi me ikkje finn tufter etter hus. Veggen var for kort til områda, slik at dei gjekk fram og attende til kvart mål og bar mjølka med seg heim.

## Stølsveggar

Ein har hatt fleire vegar fram til stølsområdet. Gardane fremst i bygda har truleg drive beista sine over Valla, og Hjelle gjennom Nordmarka, framom Tøsdal, forbi Gåssand og inn i stølsmarka. Me skal heller ikkje sjå bort frå at beista vart drivne over Eidsåsen og vidare gjennom Hegglandsdalen og opp Hjemdalsmarka og gjennom skardet fram til setrane.

Gardane i Hegglandsdalen har drive beista etter dalen, og svinga av på Hjemdal og teke dei gjennom Hjemdalskardet, og vidare til stølane sine. Utskiftningsdokumenta på Øvreeide fortel om vegrettar og grindehald på stølsvegen fram mot Øvreidseter. I eldre tid var det og ein rekkjeveg opp Midhusmarka som blei nytta.

Landevegen og reidslevegane har og vore bytt ut med båttransport. Me veit at Bjånes i eldre tider frakta buskapen med båt til Lønningdal og dreiv beista vidare opp til Midtsæter og inn i Steindalen. Det er ikkje utenkjeleg at den same transportmåten vart nytta av Molda og Klyva.

Me kjenner til at áttringane, som var store og romslege båtar, vart nytta til alle slags transport til by'n og kringom i fjordane, forutan på fiske.

Når me snakkar om buføring med robåt og forsåvidt driving dei lange vegane, må me i denne samanheng tenkja oss attende til ei tid, då me hadde ein heilt annan kurase og vekta på beista var kring 150 kg, medan ho i dag kan liggja over 600 kg.

## Seterhus


Den eldre tida sine seterhus hadde ein heilt annan standard enn dei me ser i dag. Dei var små og låge, og mest utan opning for ljøs. Dei hadde til vanleg ei todeling. Ein ytre og ein indre del. Det første ein kom inn i, vart gjerne kalla udøra (yttergangen). Her var gruva og all matkoking og ysting gjekk føre seg her. I eine kråa fanst gjerne eit vedala, eller trosaved som budeia draska til seters når ho streifa omkring for å ha tilsyn med buskapen. Kring veggene hekk klesplagg og andre bruks-gjenstandar for arbeidet og elles tarvende som ikkje tolde væte. Denne ytterdelen var som regel laga av trevirke ein fann på staden og verna lite mot ver og vind, men heldt regnet ute.

Innanfor var sjølve bua og her stod sengene etter langveggen. Elles fann ein mjølkehiller på veggene og plass for rjome- og surmjølkstampen.

I bua var det inga oppvarming, så på våte og kalde dagar, kunne det lett bli både roskje og kaldt. Ved glaset — eller gluggen, var det eit lite bord med eit par krakkar til.

Dørane var låge, slik at ein måtte bøya seg når ein steig inn.

— Som gutunge kan eg hugsa at restane av stølshuset på Øvreidseter stod, seier Nils Th. Øvreeide. Huset hadde ei todeling, med eit ytterrom og eit større rom innafør. Dette hadde ein storleik på kring 20 kvadratmeter. Tømmeret hadde god mannshøg og var vendt nord — sør, og med inngangsdør frå aust i det nordlege hjørna, slik at ein kom inn i det minste rommet yst. Veggene var fine og ljøse. Sikkert sandskurte gjennom



Kart over stølsområdet i Os.

1. Steindalseter, eigd av gardane Molda, Klyva og Bjånes. I dag er selet overteken av Os Ungdomslag. 2. Rødseter, eigd av garden Rød. 3. Bøseter, eigd av Bø\*. 4. Øvreidseter, eigd av garden Øvreeide.

\* I dag finst det ikkje hus att på Bøseter. Berre tuftene fortel at her var liv og leik sumars tid i eldre dagar.

### Stølsveggar.

generasjonar. Det var restar etter su- og nevertak med torvdekke over. I sjølve bua var det hyller på vestre veggen, elles var det lite av innbuet att. På sørveggen var det eit vindauga med restar etter 4 glasruter.

Dette var for omlag 70 år attende i tida, så stølinga var forelengst slutta av. Men me hadde gjeldbeist og ungdyr der inne heilt til etter siste krigen.

Det som øydela for oss, var at Statens skogskule på Sjøteland byrja planta gran på dei finaste flatmarkene og såleis gjorde henne lite egna for beite. Inne i tufta til stølshuset på Bøseter vart i denne tida planta 4 granar, som markerte tydeleg at her var det andre verdiar ein skulle satsa på.

Folk tok seg til rette der inne, og ein god del av veggene som stod att, blei tekne til å stemma opp to små tjørnar i nærleiken, slik at skogsfolket kunne fløyta ved og tømmer etter elva.

Huset som står der i dag og vert disponert av Jeger og fiskeforeininga, var opprinneleg ei mjølkebu som stod litt tilsides for stølshuset.

Det seterhusa som står der i dag, er fornøya og påspøta, slik at den opprinnelege forma lite viser att.

## Budeiene

Å vera budeie var ein ansvarsfull og ofte slitsam jobb. Avdrotten måtte takast hand om på beste måte. Her var det ikkje rom for slendrian. Seterdrifta var på mange måter grunnvullen i garden sin økonomi. Ei god budeie var gull verd for eit bruk. Dei måtte vera nøysame og nytta ut avdrotten slik at ikkje noko kom vekk. Etter at meieriet kom til Hegglandsdalen i 1892, skulle mjølka leverast kvar dag. Budeiene si arbeidskraft vart no nytta både heime og på stølen. I Hegglandsdalen måtte dei arbeida heime på bruket om dagen. Når det leid over nons, gjekk dei til setra for å mjølka. Så var det å bera mjølka til Hjemdalsskardet. Her kom unggutane og tok over og bar henne heim for kjøling til om morgonen. Budeia måtte bera morgonmålet med seg heim sjølve. Slik gjekk det gjennom heile sumaren.

Eg nemnde at stølsveden ofte var trosa greiner. Dette heng saman med at bruka i dette området for det meste berre hadde beiterett, men fekk sankt seg ved av det som var til nedfalls og elles hadde lite verdi.

— Eg hugsar dei gamle som gjekk på sumarstølen, seier Kari Kleiven på Bjånes. Dei kunne simpelthen ikkje gå utan å bera noko eller gjera på eitkvart. Innover til sumarfjosen spøta dei. På heimturen sankt dei ved og drog til tuns, eller dei fylte spannaloket med bær om det var i denne tida. Alt av verdi måtte takast vare på.

I dag er seterbruk berre søge i Os, men framleis finn me teikn i terrenget etter denne drifta. Kanskje burde me gjera noko for å ta vare på dei restane og sogene som enno finst.


*Mjølkekjørel frå setring i eldre tid.*



Kodle.



Mjølkebøtte.



Stampekinne.



*Steindalssetra før siste tilbygget.*

# Bergen Packing – ein hjørnestein

Av Arne Aarseth

Om du trur at Peking ligg i Kina, har du for så vidt rett. Men du skal ikkje gå lengre enn ned til biblioteket, så vil du finna bygningen som gav Os-bygda dette eksotiske namnet og forvirra mang ein tilreisande som trudde seg å vera på Vestlandet og ikkje i fjerne Austen. For Peking var det lokale namnet på den kan henda viktigaste verksemda i Os i eit par mannsaldrar, til ho vart nedlagd og større og tyngre fabrikkar tok over hegemoniet og skauv henne ut i gløymeboka.

No vil du kan henda lura på korfor ei verksemd i Os bar eit så merkeleg namn. Men forklaringa er ganske enkel: Bergen Packing, som fabrikk heitte, vart i dagleg tale uttalt med ein litt for lukka e-lyd og med lengde på vokalen. Trykket på første stavinga vart likevel halde ved lag. Slik kom namnet til å likna det kinesiske, men skilde seg frå den kinesiske hovudstaden som gjerne vert uttalt med trykket på siste staving — king.

For ein som er fødd og oppvaksen i Os like etter krigen er det lydane frå stansmaskinene som har brent seg fast i minnet. Dei taktfaste, litt klirrande slaga kunne overdøva alle andre lydar i nærleiken når produksjonen gjekk for fullt.

## Sesongarbeid

Men det gjorde han ikkje alltid. I trettiåra var produksjonen ved «sildafabrikken» sterkt sesongbetont, og konsentrert om brislingfisket om sommaren og storsildfisket ved juletider.

— Skulle vi kjøpa oss noko ekstra, venta vi gjerne til storsilda kom, fortel Kåre Kristiansen, som var ved fabrikk frå 1951 til 1971.

Livet i sesongen var hektisk og gjorde at heile Osøyro blomde opp, på ein måte. Men etter kvart vart det heilårsdrift, også ved Bergen Packing, eller Bergenhus Canning, som fabrikk vart heitande mot slutten. Det oppnådde vi ved at verksemda inngjekk ein avtale med Arne Fabrikker om retting av heile tøystuvar og med Westfal-Larsen om såkalla juleskrin til offiserar og utvalde forretningskontaktar i skipsbransjen.

## Sommarjobb

Kåre Kristiansen vart tilsett ved sildafabrikken som fyrbøtar, etter fleire år til sjøs. Men som barn hadde han tent seg pengar ved å tre sardiner på teinar, frå auga til auga på fisken, og senda dei vidare til røykeriet.

— Eg hugsar godt at styrar Hans Kårdal, som var alt frå formann til fyrbøtar og lønningssjef, gav meg dei elleve kronene og femti øra etter ei veker arbeid i ein liten spisspose. Det var i 1924, og slik heldt eg på til eg var konfirmert. Men eg var ikkje åleine — alle gutane på Øyro gjekk på fabrikk og tredde brisling om sommaren.



Det gamle Formannshuset vart i 1920 kjøpt av Bergen Packing A/S og nytta til arbeiderbustad. Huset låg omlag der handelshuset Midtpunkt ligg i dag. Fotograf: Knut Alsaker. (Utlånt frå Lokalhistorisk arkiv, Os).

## Fotograf Berg

Fabrikk starta opp i Eikelandssosen i 1909. Året etter vart han etablert i Os, i nokre gamle naust sør om Bertels-brygga, der Victoria no ligg. Kårdal var med som styrar, men eigaren var Berg på Osøyro, som hadde slått seg til som fotograf med atelier ved Baronselva. Seinare skulle han overlata drifta til svigersonen, Olav Johnsen, som bygde opp Bergenhus Canning og hadde sju hermetikkfabrikkar på det meste.

## Transporten

Transportproblema skulle etter kvart bli vanskelege for verksemda. I starten kom fiskebåtane opp til fabrikk, for dei hadde mudra ein djupål i elva slik at dette lét seg gjera. Då sende dei kassane ned frå lageret i ei terrenne og rett i båtane. Men ved fjøre sjø måtte fiske-

båtane venta ute ved Haugsneset, i fabrikkbøyn, til dei store robåtane kunne koma ut og lossa eller lasta. Det var ekspedisjonsbåtane til Nils Bertelsen som vart brukte til dette, etter at Oskaien vart bygd i 1894. Då var det ikkje lenger trong for dei, og fabrikkjen kunne overta då han vart starta opp.


Etter som elva igjen vart grunnare og båtane større, måtte transporten gå via Oskaien. Endå seinare vart landtransporten det einaste realistiske og produksjonen vart flytta til stader der ein kunne nytta sjøen heilt inn til verksemda.

## Endringar

Mellom 1947 og 1951 vart det gjort store endringar ved fabrikkjen. Og Leif Juvik, som overtok styrarstillinga i 1946, klarte det kunststykket å halda produksjonen i full gang, samstundes med at han bygde om. No vart fabrikkjen støypt opp, og den gamle treverksemda riven etter kvart som arbeidet skreid fram. Røykeriet og «tresalen» vart verande i første høgda, men «leggjesalen» vart flutt ned til andre. I staden vart lageret og etiketteringa lagde til tredje høgda, noko som var meir rasjonelt enn før.

## Automatisering

— Men den største endringa var nok automatiseringa, seier Kåre Kristiansen. — Boksar og plater vart sende overalt med transportband. Rammene med fisken vart sende til røykeriet, vidare til pakking, der vi kontrollerte at alt var skikkeleg pakka, sende det vidare til kokehuset, vaske-enklaven og på skråband opp til lageret. Etiketteringa kom først då vi skulle levera. Så gjekk kassane og kartongane ned til bilane på gata. Seinare fekk vi stablemaskin, og Odd Juvik laga til og med ein etiketteringsmaskin som var i bruk heilt til slutten, då vi bytta maskinen ut med ein nyinnkjøpt frå Italia.



«Sildafabrikkjen» var ein typisk kvinnearbeidsplass og i høgesongane var det arbeid til mange som elles ikkje hadde noko lønsarbeid å gå til. Bilete vart teke ein gong på 1950-talet. Me ser Mathilda Berge, Ingeborg Røttingen, og Marta Nilsen i ferd med å tre sild til røyking. Foto: Odd Juvik. (Bilete utlånt frå Lokalhistorisk arkiv, Os).



Utsyn mot fabrikkområdet til Bergen Packing A/S. Truleg er bilete frå åra 1945—1950. Fotograf: Knut Alsaker. (Utlånt frå Lokalhistorisk arkiv, Os).

## Eksport

Fabrikkjen eksporterte for det meste. Det var Skipper-sardiner til England, som forresten skulle ha øskjene pakka i trekassar. Millionaire- og Billionaire-sardiner og mussa til Canada, tverrpakka brisling til USA og kippers i storsildsesongen. Den gjekk òg først og fremst til Amerika.

— Eg hugsar ein gong ein inspektør opna ein boks kippers og gav oss skryt. «Slik skal det vera, sa han, for i USA et arbeidarane på skyskraparane kippersen som ein sjokolade. Difor må han vera akkurat passeleg tørr og fast». Det var denne, seier Kristiansen.

## Kvinner

I storsildsesongen kunne dei vera mange tilsette, men vanlegvis låg talet på om lag 60. Av desse var 40 kvinner, og det seier seg sjølv at dette dermed vart ein særskild viktig arbeidsplass for heimane, for kvinnene hadde akkord og kunne koma når husarbeidet var gjort. Verksemda var god, med stødig drift og stabile arbeidsforhold, seier fleire av dei som har arbeidd der.

Fabrikkjen bygde to store bustader til dei tilsette, om lag der Midtpunkt ligg i dag. Men rekrutteringa vart etter kvart vanskeleg. Dei unge var ikkje så interesserte i å arbeida der fast, og fleire kvinner fekk seg utdanning. Det viktigaste var nok likevel krisene i råvaretilgangen og i hermetikkindustrien generelt.

## Etiketteringssentral

Olav Johnsen kom litt om senn til å samla seg om dei fabrikkane som låg best til med omsyn til transport. Sildafabrikkjen på Os vart ein etiketteringssentral for dei andre, Leif Juvik begynte på hovudkontoret i byen og Odd Juvik overtok. Våren 1971 flytta dei produksjonen til Skålevik, men verksemda sytte for eigen rutebil frå Os for dei arbeidarane som orka den lange reisa, heilt fram på 80-talet.



— Eg hugsar dei siste produksjonane. Det var brisling i 1967 og storsild i 1968. Denne våren la vi òg ned mussasardiner til Australia. Dei skulle ha han i sekstendelsbok-sar, og ikkje i kvart dingley, som var den vanlege storleiken, smiler Kåre Kristiansen vemodig.

## Minne

I dag er det lite som minner om at det har vore sardinproduksjon i den store bygningen ved Oselva. Berre solide søyler og eit umiskjenneleg preg av fabrikkbygning kan fortelja den innvigde om Peking. Men framleis er det mange som hugsar og høyrer lyden av stanse-maskinen når dei går nede ved «sildakaien» og fortaper seg i gamle minne.

### Ordforklaring:

«Tresalen»: Salen der dei tredde brislingen inn på spyd.

«Leggjesalen»: Salen der dei la brislingen (sardina) i øskjer.

«kvart dingley»: engelsk mål for sardinboks.



Portrett av Olaf Johnsen t.h. og Gerhard Berg t.v., ca. 1950. Bilete utlånt av Eldrid Munck.

**To dugelige, snille piker**  
trænges fra 6. juli paa Soldat-hjemmet, Ulven. Høi løn.

**Kvinder**  
faar stadig og godt lønnet Arbeide. Frit Hus.  
**Sardinfabrikken,**  
Osøren

**Læregut**  
anfages snarest  
**Baatbygger Henrik Askvik**  
Hagevik.

---

**Brisling og Bladsild**  
kjøbes til høieste Priser.  
Agenter antages, hvor ikke før repræsenteret.  
**Bergen Packing Co., Osøren.**  
— Telefon 205 Bistation —

Faksimile frå lysingsida i lokalavisa «Strilen» 1912.



# BARNESIDER

ved 4. kl. og 5. – 6. kl. Hegglandsdalen skule

## VITSAR:

«Mor, kan eg få liggja i senga og lesa til eg somnar?»  
«Ja, men ikkje eit minutt lenger».

Per: «Mor, kor mange sortar mjølk fins det?»

Mor: «Eg veit ikkje heilt, kvifor spør du?»


Per: «Fordi eg veit ikkje kor mange kranar eg skal ha på kua mi».

Ein mann møtte i retten mistenkt for tjuveri, men han nekta plent.

«Har du stole før», spurde domaren.

«Nei, dette er første gongen», svara mannen.

## KVEN HAR NAPP?



Svar: .....

## WENCHE OG KJERSTI 6. KL.

### GÅTER:

Kvifor drikk elefanten med snabelen?

Svar: (Fordi han er tyrst).

Kva seier reven når han tek ei høne?

Svar: (Ingen ting).

Eg fer rundt heile verda, og alle spyttar på meg. Di eldre eg blir, di meir stig eg i pris, kven er eg?

Svar: (Frimmerket).

### VITSAR

Læraren: (i norsktimen) Kan du Finn seia meg om eit buksepar er eintal eller fleirtal?

Finn: (grundar lenge) Øvst er det eintal, og nedst fleirtal.

### Av barnemunn

Småen: Er ikkje du pappa fælt gamal?

Far: Korleis kan du finna på å spørja såleis?

Småen: Jau, eg tykte me har hatt deg svært lenge.

### GÅTER

Veit du kvifor svenskane ikkje går i treskor?

Løysing: Dei er redde for å slå rot!

Kva er det du kan gi bort, men likevel ha?

Løysing: Ei forkjøling.

## FINNE SUBSTANTIV

1. Finn substantiv, vassrett og loddrett (også særnamn):

L	U	G	A	R	K	A	K	E	R
A	L	F	J	O	R	D	A	M	E
B	L	U	E	R	O	O	R	O	M
B	A	R	N	D	U	K	T	N	U
Å	G	U	T	T	A	K	S	A	G
T	Å	F	E	R	I	E	A	R	G
Å	T	E	L	E	F	O	N	N	E
B	E	N	T	E	T	O	G	E	T

## Kryssord

### VASSRETT:


- Fisk
- Forsvarsorganisasjon
- I hjulet
- ...ard Grieg
- Land i Europa
- By i Canada
- Farge
- Elv i Afrika
- Hovudstad i Europa
- Elv i Italia

### LODDRETT:

- Hale
- Hovudstad i Europa
- Øy i Irskesjøen
- Er skogen full av
- Treng den som syr
- Gutenamn
- Elv i Sovjetsamveldet
- By i Sør-Amerika
- Gutenamn
- Hannsau
- Er alt bygd opp av
- Valen..., by i Spania
- Heimstaden til Ulabrand
- Framleis
- Som 11 loddrett

Løysing på kryssord:

Sjå ein annan stad i bladet.



### Kor mange ringar?



### VITSAR:

Mor sa til Lise:  
Du må ikkje ta opp ting frå gata!  
Då dei hadde gått eit stykke, ramla mor.  
Ho ba Lise om hjelp til å kome opp.  
Då sa Lise: «Nei, du sa at eg ikkje skulle plukke opp  
ting frå gata».

### GÅTER:

Kva er rundt som eit egg og langt som ein kyrkjevegg?  
Svar: (Garnøsta).

Kongens kokk kokar kaffi på kjøkkenet. Kor mange  
k-ar er det i dette?

Svar: (Det finst ingen k-ar i «dette»).

Fire hangande, fire gangande, to peiker mot sky, to vi-  
ser veg mot by, og ein diltar etter. Kva er det?

Svar: (Kua).

Veit du ein mann som aldri har vore barn?

Svar: (Snø-mannen).

Kva slag garn kan ein ikkje laga klede av?

Svar: (Ungarn).

Kva slags kongar er det vi har mange av her i landet?

Svar: (Balkongar).

### GÅTER

Det fer att og fram med grunnar, har ti tusen munnar,  
sankar næring åt andre, men ikkje åt seg sjølv.

Løysing: Nota

Kven har tenner, men ingen munn?

Løysing: Sæga

Kva er det som vert større di meir ein tek av det?

Løysing: Hølet

### VITSAR

#### Stor

— Når eg vert stor, skal eg verta avis! For då tek kan-  
skje pappa ein titt på meg!


#### Familieliv

Skodespelarinna til den tredje mannen sin: Skund deg,  
kjære! Sonen min og dotter di kranglar med sonen vår!

#### Hekk

Og så var det mannen som vann 110 m hekk, men had-  
de ikkje plass til han i hagen.

### FINN FEM FEIL



# 45 års fartstid i A/S Sundt & Co.

Av Jostein Røttingen

---

Reisandebåtar var eit vanleg innslag på kysten før i tida. Her møter vi ein av veteranane i denne trafikken.

---

Han har eit godt minne 87-åringen Karl Bratholmen, og fortel levande frå eit langt liv på sjøen. Karl bur aleine i huset sitt heime i Brattholmen i Søre Øyane, men har godt selskap i hunden Truls.

Heile 45 år tenestegjorde Karl ombord i Sundt-båtane, mesteparten av tida som skippar.

## Som 16-åring i brislingfarten

Frå Karl var ein neve stor måtte han hjelpe faren, som var båtbyggjar, i naustet. Men Karl slo seg ikkje til ro med det arbeidet. Han hadde lyst å reisa, og fyrste turen på sjøen vart ombord på «Øybuen» som faren Nils åtte saman med bror til Karl, som òg heitte Nils og Kristian Røttingen.

— Me gjekk for Chr. Bjelland & Co. og tok opp brisling. Den førde me for det meste til hermetikkfabrikken på Sunde i Sunnhordland. Men det vart ein og annan turen til Stavanger òg. Eg måtte vera oppe til alle døgnets tider, og det var hardt arbeid for ein 16-åring. Betaling var det aldri snakk om, fortel Karl.

Karl var òg ein vinter ombord i Chr. Bjelland-båten «Sandnesfjord».

## På hengjande håret

Som 19-åring mønstra Karl ombord i «Sørfold», tilhøyrande brørne Tveit i Bergen. Båten gjekk då i sildafarten på England og Tyskland.

— Ung og skøytelaus som eg var den gongen kunne det lett ha gått gale der ombord. Det var i ein storm utanfor den hollandske kysten at ein brøtsjø heldt på å hiva meg over bord. Eg var på veg framover dekket då sjøen kom. Eg fekk klamra meg fast til vinsjen, men vart sliten laus og førd med sjøen attover dekket like på hekken. Der stoppa eg i eine støtta til galgedekket og heldt meg fast. Det var på hengjande håret, seier Karl.

Karl var òg ei kort tid ombord i «Samnøen», ein annan av Tveit-båtane. Saman med broren Nils var han fyrar der ombord. Dei gjekk då med isasild frå Noreg til England.

## Den gamle «Sundt II»

Den 12. september 1921 gjekk Karl ombord i «Sundt II» som maskinist og kokk, 20 år gammal. Det var A/S Sundt & Co. i Bergen som åtte båten. Ein annan Øyakar, Ola Sundøy, var skippar ombord i «Sundt II» den gongen.



Den 50 fot lange jarnbåten var bygd i Svolvær. Maskinen, ein Bolinder på 30 hk, gav båten ein marsjfart på 8 knop.

— Me gjekk i reisandefarten frå Ryfylke til Nordmøre, og hadde ein reisande med ombord på kvar tur, fortel Karl. Ein reisande vil me vel i dag kalla ein seljar. Det var hans jobb å presentera vareutvalget for kundane.

— Det var kummerlege tilhøve ombord, minnest Karl.

— Køyen min var so trong at det var vanskeleg å snu seg på skikkeleg vis. Det vart mang ein kul kvar gong eg stanga hovudet opp i mot overkøyen. I byssa var det òg svært trongt om plassen, og me kokte på primusar. Enno har eg ær etter ei panne med kokande suppe som eg kølvde ned på låret.

I 1936 overtok Karl som skippar etter Ola Sundøy, og stod ombord til 1940 då tyskarane tok gamle «Sundt II».



«Sundt I» og «Sundt III».

## Den nye «Sundt II»


Straks etter krigen kjøpte Sundt «Guløy» frå Gulen i Sogn og Fjordane. Kutteren vart døypt «Sundt II» som den forrige. Ein 30 hk «Rubb» stod i denne båten. Det var den andre maskinen dei bygde på Rubbestadneset.

Karl førde «Sundt II» til 1949. Då kjøpte Sundt «Konvalen» frå Stavanger. Svingerson til Karl, Kristoffer Røttingen, overtok då som skippar ombord i «Sundt II». Med seg hadde han son til Karl, Norvald.

## «Sundt III»

«Konvalen» var eit 63 fot langt trefarty. Båten vart ombygd på Lunde båtbyggjeri på Tysnes, og var ferdig i 1950. Båten vart døypt «Sundt III». Lavalen på 60 hk som stod i båten vart skift ut med ein 120 hk «Rubb» etter ombyggjinga. Lavalen vart då montert over i «Sundt II». Det arbeidet gjorde Karl sjølv saman med Kristoffer. Ikkje lenge etter vart «Sundt II» seld til Sandnessjøen.

Norvald gjekk då ombord i «Sundt III» som maskinist og kokk. Han og faren vart verande i lag ombord der i 15 år.



«Sundt III».

Ombord i «Sundt I» var det og Øyafolk. Johannes Bruarøy var skippar og broren Karl var maskinist og kokk. Dei gjekk for det meste på Nordland. Bernt Røttingen var òg ei tid ombord i «Sundt I».

## Frå ytst i skjera til inst i fjordane

7 — 8 veker gjekk det på ein tur frå Ryfylke til Nordmøre. Tre plassar for dagen vart det vanlegvis tid til å vitja.

Inne i fjordane vart det langt mellom dei gode hamnene, og vintersdagen kunne isen vera eit problem mange stader. Ute i øyane var derimot hamnetilhøva mykje betre.

— Det var ikkje snakk om radar og satellittnavigator i dei dagar. Det einaste me hadde å hjelpa oss med var kompasen. Men fram kom me både i bekmyrke og i grauttjukk skodde, fortel Karl.

— Ombord hadde me full klekkolleksjon som vart presentert for kundane. Denne vart skift ut i Bergen mellom kvar tur. Eg kom stort sett godt overeins med dei reisande, men litt diplomatisk måtte ein vera frå tid til anna, seier Karl.

Om arbeidsgjevaren sin, A/S Sundt & Co., har Karl berre godt å seia. Han fekk heller aldri påtale for noko på alle dei åra han var i teneste. Framleis har Karl god kontakt med Gerhard Sundt, som var direktør då han slutta.

## Kritisk på Statten

Sundt-båtane var ikkje store fartya, og det vart mange sure turar haust- og vintersdagen. Karl minnest godt ein sein haustdag dei var på sørtur over Statten med gamle «Sundt II».

— Ola Sundøy stod til rors, og sjølv stod eg i kappedøra oppå ruffen. Det var tung sjø etter ein storm frå vest. Då me var tvers av Buholmen kom det ein brøtsjø og la båten so flat at sjøen kom inn kappedøra. Den gongen trudde eg ho hadde fare, so lang tid gjekk det før ho kom att.

## Propagandaturar

I 1951 låg «Sundt III» 11 døger i Kristiansand på noko som dei kalla for riksmesse. Kvar kveld steig kundane til Sundt ombord i båten, og vart tekne med på tur på fjorden. «Sundt III» var ny den gongen, so det var eit fint farty som vart presentert for kundane.

Nokre år seinare var det ny propagandatur, som Karl uttrykkjer det. 20 byar og tettstader på Sørlandet fekk den gongen vitjing, og mange var det som fekk oppleva den sørlandske skjergarden ombord i «Sundt III».

— Ein tur til Oslo vart det òg. Det var i 1961, og me låg ved Honnørbyggja i 3 veker. Om kveldane og til langt på natt tøffa me rundt på Oslofjorden med Sundt-kundar, fortel Karl.

Karl var òg ein tur til Nord-Noreg. Johannes Bruarøy var òg med på den turen. Dei var til Honningsvåg før dei sette kursen sørover att. Den gongen var det riksmesse i Tromsø, og der var dei med.

## Båtshakjen redda liv

Ei helg «Sundt III» låg til kai ved fisketorget i Stavanger hadde Karl, Norvald og reisande tenkt seg på kino.

— Norvald og reisande maste på meg at eg måtte skunda meg so me ikkje kom for seint til kinoen. Men eg hadde alltid for vane å gje meg god tid og sjå etter at alt var i orden før eg gjekk ifrå båten, seier Karl. Det vart redninga for ein mann den kvelden.

— Eg var ikkje for vél komen oppå kaien då ein invalid på ein slags trehjuls sykkel hamna utfor kaien og i sjøen. Eg ropte på Norvald og sprang sjølv etter båtshakjen. Norvald fekk tak i mannen og drog han på land, seier Karl. Hadde ikkje Karl gjeve seg so god tid ombord den kvelden so hadde mannen på sykkelen drukna.

## Maskinmontering og båtrepasjonar

Hausten 1966 slutta Karl ombord i «Sundt III», og overlét roret til Norvald. I 45 år hadde han frakta dei reisande trygt omkring.

Ikkje mange år etter vart dei to gjenverande Sundtbåtane selde, og epoken med reisandebåtar var slutt.

Karl sette seg so visst ikkje ned i godstolen og tok livet med ro, då han slutta i reisandefarten. Han var ikkje for

vél komen på land før han tok til å montera Sabb-dieslar for «Sabben» i Bergen. Meir enn 100 maskinar har han montert. Ved sida av dreiv Karl med slipping og båtrepasjonar. Dette arbeidet driv han på med framleis, trass i ein alder av 87 år.


Frå tidlege morgonen til seine kvelden er Karl å finna i nauset eller på slippen. Og mest kvar dag tek han seg ein tur med snekka si på Røtingafluo eller borti Bjørnarøyosen og fiskar. Når han kjem til lands står alltid Trulsen på kaien og lograr med halen, og lurar på om det vart fisk til middag i dag òg.



## ØIERNES HANDELSFORENING

Telefon 305410

Løysing på kryssordet side 8.



Bli abonnent du òg!

*Her finn du*

*SISTE NYTT*

*om det som hender*

*i heimbygda di!*

# OS & FUSA POSTEN

Boks 272 – 5201 Os – Tlf. 30 29 50

# Minne frå stortingsarbeidet

Av Margit Tøsdal

---

Både skjemt og alvor på Stortinget. Likestillinga går framover også der.

---

To yrkesgrupper har eg lært å kjenna bra godt i mitt lange liv, òmleg lærarar og stortingsrepresentantar!

Veit de kva desse yrkesgruppene har felles?

Dei er begge så avgjort langt betre enn sitt rykte, og begge har ein langt meir slitsam og intens arbeidsdag enn folk flest vil tru.

Eg brukte ordet *rykte*, ja, for det finst så mange vandrevitsar, myter og skrøner både om politikarar og skulemeistrar! Som skyteskive for folkehumoren har dei visst overteke rolla som prest og lensmann hadde i folkeeventyra.

Det å kunne le — både med kvarandre og av kvarandre — trur eg nesten må reknast med under omgrepet «menneskerettane».

## Humor i kvardagen

Vår prektige rektor på Kristiansand lærarskule, Håkon Wergeland, hadde eit uvanleg råd til sine studentar i våre år på lærarskulen: «Gløym ikkje humoren i kvardagen», sa han.


«De kan rekna skuledagen så godt som bortkasta dersom elevane og læraren ikkje ein einaste gong har fått slått latterdøra på vidt gap i lag».

Skulle ein brukt låtten som mål på vellukka arbeidsdagar i Stortinget, trur eg ikkje nokon dag var bortkasta der i huset!

Mi røynsle frå 16 års kontakt med folket på Løvebakken er: Ved sida av det intense arbeidspresset var spøken og humoren, så vel som den høflege, vennlege omgangstonen det mest karakteristiske for kvardagsmiljøet i Stortinget.

Mange kunne sanneleg vitsa om eigen dårskap, og sjølv-ironi er ikkje å forakta. Ein typisk anekdote frå Rogaland fortel om arbeidartirepresentanten og kollegaen frå Kristeleg Folkeparti som hadde konene sine med på fjelltur til Preikestolen i Ryfylkefjorden. Karane let seg freista til å krypa langt ut på stupkanten for å kika rett ned i fjorden nedunder. Men dei heldt kvarandre i beina etter tur for å vera trygge. Då kona til representanten frå Kristeleg Folkeparti såg at ektemannen hang på stupkanten, vart ho livredd og skreik opp. «Ikkje ver redd du», sa arbeidartirepresentanten.

«Har du nokon gong i ditt liv høyrte om ein arbeidartirepresentant som slepper taket når han har fått tak i eit bein?»



«Kvinder selv stod op stred» på Tingets talerstol, men ikke «som de vare Mænd». Landets yngste kvinnelige stortingsrepresentant, 45-åringen Margit Tøsdal (A), Hordaland. (Tekst frå eit vekeblad).

## Kjende forteljarar

Den legendariske humoristen på Tinget var trønderen Jon Leirfall. Saman med karikaturteiknaren Hetland har han gitt ut ei rekke artige bøker i gamal sagastil med harsellas over aktuelle politiske saker og politikarar. Andre fargerike og sermerkte personlegdomar på Tinget dyrka og humoren og det lune smilet i kvardagen.

Guttorm Hansen var ein suveren forteljar, han hadde ei oppkome av festlege trønderskrøner. Skulle nokon slå han på det området, måtte det sanneleg vera landsfaderen sjølv, — Einar Gerhardsen. Han hadde så uvanleg godt minne, at hadde han høyrte ei god historie, så hugsa han nok dei gode poeng resten av livet. Den høgt respekterte førsterepresentanten frå Aust-Agder, Magnhild Hagelia, var og ein ypperleg forteljar. Det var alltid

morosamt å sitja ved hennar bord i restauranten til formiddagskaffien, for hennar lune humor, den blide sørlandske, var til glede for kollegaene. Ho var den beste rådgjevaren for meg då eg som ny vararepresentant kom til stortingsarbeidet med kneskjelv og bankande hjarta ved tanken på nye, krevjande oppgaver. «Her må du setja deg verkeleg grundig inn i sakene før du uttalar deg», sa Magnhild. «Her er så mange dyktige menneske at det sannsynlegvis alltid er nokon som veit meir om emnet ditt enn du sjølv». Rådet var godt, for med komiteordninga i Tinget, er det alltid ein føresetnad at saksordførar og komitemedlemmer skal gå verkeleg djupt i «materien».

Men rådet var nok så pass realistisk at det skulle ikkje nett freista ein urøynd vararepresentant til å våga seg opp på talarstolen!

Det var forresten Magnhild Hagelia som vart den første kvinna som kom til å leida eit møte som president. Då det enno berre var 12 kvinner på Tinget, vart ho vald til varapresident i Lagtinget. For stortingskvinnene var dette eit steg på likestillingsvegen, og vi laga fest for henne og gav henne ei presidentklutte med sølvbeslag til minne.

## Det saklege i høgsetet

Ein høyrer ofte sleivet harsellas om folk som vågar å eksponera seg i det politiske livet. Fjernsynet fokuserer på personleg ytre, utsjånad og såkalla «karisma» hos dei som har ordet i politiske duellar. Det blir dermed så viktig at slipset ikkje står på skeive, som det har blitt sagt. Den grundige bakgrunnskunnskapen, synet for heilskapen i politikken, blir det lite tid til å etterlysa når debattantane skal overgå kvarandre med slagferdige, kjappe formuleringar i projektørlyset.

Eg minnest kringkastingsjefen Thorolf Elster sa ein gong, at det å formidla innfløkt, vanskeleg kunnskap på ein enkel måte, er noko av det mest krevjande ein kan bli beden om. Ei fallgruve er det etter mi meining dersom ein i kampens hete skulle forenkla problema og lata som om ein har ein patentmedisin i ermet. Vårt parlamentariske system er nok ein bra garanti mot altfor ville overbud i marknadsføringa av partiprogramma i valkampens hete.

Om opposisjonen er radikal eller konservativ, risikerer han å få fleirtal ved komande val, og dermed skal vallovnadene etterprøvast i praksis. Derfor er det faktisk sjeldan å høyra agitasjon og flosklar frå talarstolen i Tinget, endå det sjølv sagt kan gå hardt for seg når representantane står for ulike livssyn såvel som for motsette solidaritetsband til folkegruppene dei sterkast representerer.

## Cirkusløyer held ikkje

I sannings namn skal det seiast at visse representantar på Stortinget nok og har drive ei marknadsføring av seg sjølv og sitt parti som gjekk over stakk og stein. Prisen desse betalte for sine «cirkusløyer», var at dei ikkje vart tekne på alvor i det politiske miljøet. Mange vil nok enno hugsa den gamle mannen som svinga ein slirekniv og ei flaske eggelikør i valkampen for å laga blest om sitt nye parti. På Stortinget vart han for det meste oversett, nær-



*Kvinnegruppe frå Øygarden på vitjing i Stortinget.*

mast neglisjert, og fordi både hans mål og hans verkemiddel var så spesielle, vart han ikkje rekna med.

Ein høyrer stundom klage over at det er så grått og keisamt i det politiske miljøet i dag. Det var fleire fargerike og originale folk på Tinget i «gamle dagar». Det kan kanskje vera sant nok, for i det strie, hektiske livet med krav om effektivitet og perfektjonisme, er det helst dyktig, hard arbeidsinnsats og allsidig sakkunnskap det blir spurt etter. Å vera «fargerik som personlegdom» er kanskje ikkje så ettertrakta lenger når partia nominerer sine kandidatar på listene?

Slik eg har lært å kjenna mine medrepresentantar både på 60 og 70-talet, er det eit representativt utval av folket som hamnar på Løvebakken, med politisk røynsle frå kommunalt arbeid og med stor innsikt på kvar sine område.

Når kvar representant tar mot ca. 40 kg — omlag 25.000 sider — dokument årleg, trengst det å skilja ut det ein vil bruka si arbeidskraft på. Dei med best røynsle og arbeidsrutine kunne kunsten å prioritera, som det heiter på Løvebakk-språk.

## Løvebakken Mållag

Språk, ja. Det var ei nyttig «pressgruppe» i Stortinget som heitte Løvebakken mållag. Laget kunne og vera kontaktorgan for nynorskgrupper kring i landet som kom og la fram sine synspunkt i aktuelle spørsmål.

I ei avrøysting om skulemål i grunnskulelova vart det strid om korvidt røysteretten skulle gjelda for alle i krinsen eller berre for dei som hadde born i skulealder. Eg gjekk inn for første alternativet i Lagtinget, og mi røyst vart tunga på vektskåla som gjorde at heile lova vart send attende til Odelstinget til ny behandling.

Når Odelsting og Lagting er usamde, må saka som kjent vandra fram og attende til to gongers behandling i begge ting dersom dei ikkje blir samde. Odelstinget heldt





Opplest og medtatt. Karikatur i «Nationen» i 1979: Lagtingspresidenten si klubbe er forma som eit LO-merke!

på sitt, men i Lagtinget gjekk voteringa målfolket i mot den andre gongen! Dermed miste mange røysteretten sin i skulemålssaker kring i landet. Til mi trøyst fekk eg helsing frå ein kjend professor frå Oslo universitet: «Ettertida vil visa at det var målfolket som valde mest demokratisk i skulemålsspørsmålet. Lova vil sikkert bli endra seinare».

Men biletbladet «Nå» sende meg ein kaktus til spott og hån for min målstrid. Trygve Bratteli la merke til kaktusen min, og då slo han latterdøra på vidt gap. «Å få kaktus frå «Nå» må reknast for ærefullt», sa han. «Sjølv har eg fått mange kaktusar frå den kanten».

Det høyrer med til historia at professoren var sannspådd. Ertertida kom verkeleg på andre tankar, og lova er endra på ny. Det må nok vera kamplyst i Løvebakken mållag framleis!

Eg undrast kor mange kaktusar dei spenderer no på eldsjelene i Løvebakken mållag?

## Store saker

Det er mange store saker som har blitt klubba gjennom i dei år eg har hatt min arbeidsplass i Stortinget. Den første meldinga om folkepensjonen kom nokre år før lova vart vedteken i 67, og i 1962 starta første runde av EF-striden med revisjonen av § 93 i Grunnlova. Alt då gjekk det hardt for seg!

Svalbard-ulukka i Kings Bay førde til regjeringsskiftet då John Lyng vart statsminister, og det var ei vemodig og tragisk sak, dette at ei stor ulukke vart brukt politisk.

Saka om heimkjøp av Alcan-aksjar var og ei sak som kokte av spenning. Ein kunne rekna opp økonomiske, sosiale og kulturelle saker i fleng, men det ville føra på viddene. Distriktsutbygging, utviklingshjelp, Fredskorps, kulturfond og reformer i utdanningssektoren, — alt dette får ein studera i Stortingstidende og alle dei mange politikarbøkene våre.

Bokmarknaden har vorte rikt velsigna med biografisk litteratur hos oss i det siste.

Ikkje minst har kjende politikarar vore flittige memoarskrivarar. Det er lett å forstå at forgrunnsfigurane i det politiske livet vil dokumentera sine meiningar og sin motivasjon.

Om nokre år blir bøkene gode kjelder for historikarane, for politikk i dag er kulturhistorie i framtida. Alle desse politiske kjeldene er serleg interessante for oss som har vore medaktørar, eller så å seia hatt orkesterplass til dei politiske tribunane i viktige delar av vår nyaste historie. I Gerhardsens, Brattelis, Leirfalls og Lyngs bøker så vel som i Reiulf Steens, Guttorm Hansens, Trygve Bulls og Trond Hegnas memoarar passerer hendingane revy slik eg har vore med og opplevt dei. Kampen mot atomvåpen var emnet for min første tale på Stortinget, og det er gledeleg at breie lag no fører den kampen vidare etter Tsjernobyl, slik vår generasjon gjorde etter Hiroshima. «Kvinner selv stod opp og strede», var det eit vekeblad som sette som tekst til mitt bilete frå «Jomfrutalen» min. Fullt så positiv var ikkje påskrifta i «Nationen» då dei laga ein karikatur av meg som lagtingspresident i 1979. Også då, for ti år sidan, gjennomførte Stortinget eit vedtak om lønslov. Møtet var spanande, for verkemiddelet lønslov er alltid omstridt.

## Lønslov og julestemning

«Odvar Nordli kan puste lettet ut etter at B-partiene på Stortinget bøyde av og ga han årets flotteste julepresang: Samordnet lønnsoppgjør til våren og lønsloven brakt i havn», kunne ein lesa i Osloavisene 19. des. 1979. Det er lett å tolka kvifor humoristen i «Nationen» har teikna meg med ei lagtingsklubbe forma som eit LO-merke! «Lønsloven settes ut i livet uten at det er rikket på et komma i forhold til regjeringens forslag», stod det vidare. Men det var sant at eg var medtatt som det står under karikaturen! Innspurten til jul er alltid den verste tida i Tinget, for statsbudsjettet tar tid, — også nattetid, og det blir lange møte. Men på ein måte står denne desembermorgonen i eit serleg lys. Det er slikt fantastisk personale på Løvebakken, langt fleire enn det er folkevalde. Kor eg skulle ønskt at de alle kunne vore med «bak kulissene» og opplevt det flotte samarbeidet med alle dei tilsette i Stortinget! Tenk berre på hjelpsemda i alle kontora og i biblioteket. Men denne morgonen då eg skulle klubba lønslova gjennom, kom eg sers tidleg til arbeids, kl. var vel sju. Men kva ser eg? Jau, alle dei festlege damene som vaska labyrinten Stortinget om natta, hadde slutta av sitt arbeid i vandrehallen i 3. etasje.

Der stod eit drusteleg juletre pynta til den årlege julelunchen, siste arbeidsdagen før jul. Som slutt på «lang natts ferd mot dag» hadde heile reingjeringspersonalet, «botteballetten» som dei kalla seg, slått ring om juletreet, og i dei ærverdige hallane tonte det ut: «Deilig er jorden, prektig er Gud himmel — —». Og dei tidlege morgonfuglane som skulle sloss om lønslova, slutta seg til rekke etter kvart, og då vi vel var komne til «Her kommer dine arme små», ja, då var mest alle politiske avskygningar med rundt treet, som idyllisk opptakt til kampen om lønslova! Ikkje rart at teiknaren lar julepynten fly kring klubba mi!

Alle dei gjester ein tok mot til omvising i Tinget skulle det vera moro å fortelja om. T.d. då skuleklassen min hei-



*Pakistanske kvinner tok kontakt med den norske delegasjonen ved Radshah-moskeen i Lahore. Det vart ein livleg, interessant samtale.*

manfrå kom på Osлотur. Os gymnas og mange skuleklassar elles — frå fylket vårt kom dit, og organisasjonar, partilag, ambassadefolk og parlamentarikarar frå mange land var gjester hos oss i Stortinget.

Ei kvinnegruppe frå Øygarden hadde vunne ei «drømmereise» frå eit vekeblad. M.a. ønskte dei å møte stortingskvinner på Osлотuren. Biletet viser gjestene saman med Magnhild Hagelia og meg. Dei går alle i bunad. Tru om ikkje det fortel oss noko om haldningane til demokratiet, til Storting og styringsverk for 25—30 år sidan?

## Likestilling

Eg er glad over at Arbeidarpartiet har vore pådrivar når det gjeld å få kvinner aktivt med på dei politiske barrikadane.

Men etterkvart er det no kvinner med i nesten alle partigruppene på Stortinget. Frå å vera berre 12 på 60-talet, vart det 24 av oss i -73, og ved valet i -77 vart det vald inn 37 stortingskvinner. I dag er det nær 40%. Så har vi då og lukkast i lovarbeidet på mange område: Ny namnelov, ny odelslov, likestillingslov, likestillingsombod, barnehagelov, lov om svangerskapsavbrot o.s.v.

Kva som har hendt på likestillingsfronten i dei same åra, er eit eventyr for oss som har levd lenge. Og det er festleg å ha vore med om å skriva på *det* i eit langt liv! For min del var eg kring i svært mange av våre fylke som talar berre i det eine året 1975. Det Internasjonale Kvinneåret! Det var det året det for alvor kom fart i likestillinga overalt i kommunane. Mexico -75, København -80 — Mairobi -85, likestillinga er solidaritet over alle landegrensar, med dei som har det verst.

## FN-arbeid

Solidaritet, ja. Det spørst kven ein solidariserer seg med! Som medlem i utanrikskomiteen arbeidde vi med utviklingsarbeid i våre samarbeidsland, m.a. har eg vore saksordførar for eit FN-prosjekt i Det gyldne Triangel der målet var å få i gong matproduksjon i staden for valmuedyrking til den uhyrlege narkotikaproduksjonen. FN er eit fantastisk samarbeidsforum!

Det er herleg at FN i desse dagar har fått ny og høgare status att etter vanskelege år. I 1978 var det min tur å lei-

da den norske parlamentarikardelegasjonen til FN. Det var ei stor oppleving, og det var spanande å få stå på talarstolen i generalforsamlinga og tala Botha midt i mot! Namibia var nemleg mitt emne. No, ti år seinare, ser det ut for at Namibiaspørsmålet endeleg har kome nærare ei løysing. Sørafrikaproblemet var også emnet då eg hadde den æra å få møte Walter Mondale i Det Kvite Hus. I samråd med ambassaden hadde vi føreått sett opp dei punkt som vårt land var interessert i å få svar på ved dette høvet. Walter Mondale er verkeleg ein ven av Noreg, og det var festleg at han starta samtalen med familiebilete, m.a. frå Sogn!

## Mange reiser

Reisene til Sri Lanka, Kenya, Tanzania, Mosambik, Zimbabwe og Zambia var utruleg lærerike for arbeidet i utanrikskomiteen. Men kanskje var den lange reisa rundt i Pakistan i 1976 det aller mest interessante eg var med på i mine stortingsår. Vi møtte Ali Bhutto, presidenten med reformvilje, som nokre år etter vår gjesting vart dømd til døden av sin rival, Zia Ul Haq. I haust — 1988 — slår meldingane fast at det var sabotasje som gjorde at den same Zia misste livet i ei flyulukke i år!

Det heile kjem så nær når ein har vore kring i Pakistan og opplevt deira gamle kultur såvel som deira aktuelle økonomiske og sosiale problem. Då vår kortesje susa opp det ville landskapet frå Peshawar mot Afghanistans grense i Khyberpasset, kom ei lita mager kvinne slitande på ei vedbør. Ho kvakk til for fløytinga, men ho veik ikkje til sides.

Hennar lynraske refleksrørsle var å dra ned det svar-te sløret som var glidd til sides! Men dei utdanna kvinnene var moderne i vestleg tyding, og på eit besøk i den gamle byen Lahore vart eg faktisk oppsøkt av unge kvinner som var ivrige med spørsmål og aktuell meningsutveksling. I dei mange byane vi besøkte, såg vi elles sjeldan mange kvinner i gatebiletet.

Men også i Ali Bhuttos parlament var det ti kvinner med i -76. Kanskje det norske ordet kan gjelda også for dei:

Skal du «slå gjennom» som kvinne i parlamentarisk arbeid må du sjå ut som ei kvinne, kunna snakka som ein mann, og i alle fall kunna arbeida som ein hest!



*Matstova kafé har vore stamlokale i det meste av tida jazzlaget har eksistert, først i åra 1982 — 1986 og så igjen frå våren 1988 fram til i dag. Matstova har mange venner både blandt musikarar og publikummere, ikkje minst fordi lokalet er så intimt og høveleg for musikalsk nær-kontakt.*

*Os jazzlag:*

## *Der folk og musikk møtest*

*Av Ådne Lunde*

Os jazzlag er no i sitt 6. år, og kan såleis reknast blant nykomlingane innan kulturlivet i Os. Laget har vore svært aktivt sidan det vart starta. Jazzlagstilskipingane er ein møtestad for folk, og der møter folk levande musikk. Programma til jazzlaget vitnar om god takhøgde og vilje til å gå utanom opptrakka far.

Os jazzlag har heilt sidan starten 9. oktober 1982 vore i utvikling. Laget er eit av Fritio i Os sine barn, men det lærte snøgt å stå på egne bein. Laget har bydd på levande musikk jamt og trutt sidan starten, og programmet vitnar om vilje til nytenking og eksperimentering. Her ligg gjerne ei av årsakene til at Jazzlaget i Os er ein av dei få jazzklubbane i landet som klarer seg. Namna Hungry John, Tone Huldbækmo og Arne Domnerus er ikkje namn som vanlegvis vert kopla saman, men dei har alle vitja jazzlaget i Os.

Rygrada i lagstilskipingane har vore lagskveldane. Her har laget servert alt frå trad.jazz til heilt moderne og eksperimentell jazz, blues, rock og folkemusikk. Laget har også rørt seg inn på det litterære området og formidla kontakt mellom forfattarar og publikum. Utanom dei vanlege lagskveldane har Os jazzlag slått til med større

konserter. I fritio veka er det jazzlaget som skipar til «Jazznatto». Laget har elles vore med å skipa fleire kyrkjekonsertar.

Laget har skifta «stamlokale» på Osøyro ofte. Det har likevel vorte eit godt miljø i laget. Dette er også noko som musikarane har merka seg. Os Jazzlag har vorte ein stad dei likar å vitja. Jazzlaget har også hatt mange lokale musikarar på vitjing. I romjula har det vorte tradisjon å nytta berre lokale krefter, og det har vore sikre suksessar.

Det har ofte synt seg at blues er den musikken som har størst publikumsapell i Os. Jazzlaget har likevel stått mot freistinga, og unngått å enda som eit blues-lag. Laget har heller lagt opp eit dristig program, og formidla musikk som dei fleste av tilhøyrarane elles ikkje ville ha lytta til. Stundom har dette ført til «kulturkollisjonar», men oftare har det vorte retteleg fine konsertar. Mange fordomar er rydda av vegen, og ikkje så få kveldar har enda med trampeklapp.

Jazzlaget si driftsform har ikkje paralellar i det øvrige lagslivet i Os. Laget tar opp konkurransen med alle dei nye tilboda som har dukka opp. Jazzlaget byr på underhaldning, men det set dei kulturelle omsyna over dei kommersielle. Såleis har det vorte eit viktig tilskot til kulturlivet.



Den svenske saksofonisten Arne Domnerius og kvartetten hans sto i fokus ved 5 års-jubileet hausten 1987. Konsrten deira i Os-kyrkja var ei fin markering av 5 gode år for laget.

Foto: Hans P. Aarseth.



Asbjørn Kjetland vart vald til leiar i jazzlaget på årsmøtet i 1988. Erik Vangsnes og Rolf Aarseth har vore leiarar før Kjetland. Her har fotografen knipsa jazz-sjefen i intens konsentrasjon over gitarstrengene på ein samrøre-kveld for nokre år sidan. (Samrøre = jam-session.)

Foto: Hans P. Aarseth.

Med billetter frå vårt byrå,  
kan du heile verda nå.



POSTBOKS 260 – 5201 OS – TLF. (05) 30 11 90  
TELEFAX (05) 30 27 01

## OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret 1988

Leiar: Samson Bogevik – Nestleiar: Johnny Haugland  
Kasserar: Wanda Aarseth  
Studieleiar: Brynhild Enerhaug  
Skrivar: Anne Margrethe Hjemdal.

**Bli medlem du òg.**  
**Ta kontakt med eit av styremedlemene.**

**Skal De ut å reisa, –  
eller treng ein lastebil,  
ring, eller ta kontakt med  
vårt trafikkontor på Osøyro.**

**Telefon 30 06 10.**



**BILRUTA FANA-OS-MILDE L-L**



*Her ser me familien Phil medan dei nyt kaffimaten i friluft på Halhjem ein gong i 1920-åra. Vertskapet deira skal på denne tida ha vore Jacob Villumson Halhjem og seinare Anders Monsson. Bilete er utlånt frå Lokalhistorisk arkiv, Os.*

## *Landliggjjarliv i Os*

*Av Erik Vangsnes*

---

Landliggjjarlivet høyrer i dag til historia. Etter 2. verdskrigen vart det heilt slutt på denne nær-turismen, med innleige av byfolk på «landet» heime hjå landsfolk.

---

Geografisk låg Os ideelt til i landliggjjar-trafikken med kort veg til Noregs nest største by. Med gode kommunikasjonar både på sjø og land frå 1880-åra og utover, hadde Os gode føresetnader til å utvikla ei reiselivsnæring og det var nok av dei som torde satsa.

Hotell og pensjonat skaut opp som paddehattar kring stasjonsbyen og strandstaden Osøyro frå 1880-åra. Desse verksemdene var ikkje berre retta mot gjennomreisande, og innslaget av typiske turistar er her vanskeleg å seia noko sikkert om. Landliggjinga er faktisk enno verre å setja tal på, men det er vel grunn til å tru at i alle tilfelle gardar som låg innanfor spaser-avstand til fjorden hadde sommargjestar frå byen.

### **Sambandet med Bergen**

Landliggjjarfamilien var vanlegvis på landet i heile skuleferien, altså i vel 7 veker. Mannen kunne sjølv sagt då berre vera med i dei vekene han sjølv hadde ferie og elles i helgene frå laurdag ettermiddag til sundag kveld. Denne vekependlinga var ikkje mogeleg i frå Os før ein fekk rutegåande dampbåt og utviklinga av kommunikasjonane kringom i kommunen vart heilt avgjerande for å få koma inn på marknaden. Følgjande sitat frå eit brev oppsitjarane på Nordstrøno sende til dampskipselskapet skulle illustrera dette godt: «Her i Omkredsen er ikke saa faa opsiddere og baade passager- og varetrafikken har i samme tid steget og vil stige mere om vi kunde faa en bedre og oftere damskipsforbindelse med byen. Nyligt har man paa Nordstrønen bygget 5 hus og haaber til sommeren at faa byfolk til at bo her da stedet har en vakkert beliggende». (Note 1).

Både naturen og kvaliteten på husværa var altså viktig

for å trekkja til seg sommargjester, men utan «dampen» nytta det lite. Brevet vart skriva i 1904, men først i 1910 kom det til daglege og faste ruter på Nordstrøno.

For dei landfaste bygdelaga i Os var det særleg Osbanen, opna i 1894, og seinare bilen og bussen som for alvor kom til å setja fart på landliggjar-trafikken.

## Pionerane

Etter det folk på Hauge fortel, skal det ha vore landliggjarar på dei fleste gardane i dette området alt på 1880-talet. Truleg var dette det mest attraktive strøket i Os. Strekninga Osøyro — Molda hadde både fritt utsyn mot fjordar og fjell, strender og godt vegsamband p.g.a. postvegen til Hatvik. Sjølve jordbrukslandskapet her passa nok og inn i nasjonalromantikken sitt idealbilete av landsbygda, med vistrakte bøar og gravhaugar frå for-dums tider.

Pionerane i denne tidlege turismen var velstående byborgarar. Sjølv om fleire av dei mest pengesterke familiane etter ei tid kjøpte seg eigedomar på staden og bygde sjølve, så forblei desse gardane mellom dei gjevaste for byfolket. Når seinare mest alle gardar i Os kom med og landliggjinga vart mote for eit breidare lag av bergensarar, vart marknaden regulert av marknadslovene. Pionerane sitt område var det dyraste å leiga seg inn i, medan ein i utkantane kunne finna losji til halve prisen. Dermed fekk ein og eit skilje mellom grendene som avspeglar det sterkt lagdelte samfunnet i Noreg fram til 2. verdskrigen.

Noko anna som forsterka denne utviklinga var sjølve kontaktnettet som formidlinga av husvære gjekk gjennom. Regelen var at byfolket på tips frå etablerte landliggjarar tok direkte kontakt med huseigaren og gjorde avtale for sommaren. Når spreingseffekten soleis gjekk ut ifrå ein bestemt familie så vart ofte eit større område prega av denne familien sine venner, familie, slekt, naboar og kjende. Dette var nok eit gode for byfolket, som soleis kunne skapa seg eit miljø av kjende og kjære. Samstundes gjorde denne samansveisinga det vanskeleg for dei bufaste å få innpass. Byfolket vart opplevd som ein lukka familie.

Kvardagen på gardane arta seg og høgst forskjellig for sommargjestane og vertskapet.

## Kvardagslivet på garden

Sommarmånadane var ei hektisk tid på gardane med arbeid frå tidleg morgon til seine kvelden. Det meste måtte gjerast med handamakt både i onnearbeid og når veden skulle i hus. Beista skulle ut på utmarksbeite om morgonen og tilbake i floren om kvelden. Hushaldet var tungvint og tok mykje tid. Ungeflokken var ofte stor. Arbeidskrafta ein rådde over til det daglege var kvinnene og barna. Mannfolka var kanhende heime i dei tyngste onneøktene eller ein leigde seg hjelp, men storparten av gardsarbeidet var det kvinnene som sto for. For gardskona var det inga tid til kaffi-besøk, promenadeturar og late dagar i strandkanten. Var det tid att til å sitja saman med gjestene etter ein lang arbeidsdag eller ein møttes på vegen, ja så hadde dei så lite felles erfaringar og så ulike



Amy Wilson (1888— ) og Emilie Wilson (1843—1936) på spasertur ved Halhjemskaaien ikring 1918. Familien Wilson budde om somrane hjå Anders Pederson Halhjem (1878— ). Bilete er utlånt frå Lokalhistorisk arkiv, Os.

livssituasjonar, at nokon inngåande samtale var utelukka. By og land delte ikkje same kultur og snakka ikkje same språk. For ungane var det annleis. Sjølv om det var vanskeleg å koma ifrå arbeidspliktene ein hadde heime, så hadde ungane eitt til felles: leiken. Byungane var ein kjærkomen auke i kameratflokken og frå byen kom det spennande leikety og spel. Tenk ein ordentleg skinnfotball!

Men når dei vaksne skulle organisera noko for ungane t.d. fest i høve årsmålsdag eller båttur på fjorden, så vart landsungane ofte ståande utanfor.

For ungdomane var det ein annan skilnad som gjorde seg gjeldande: landsungdomen måtte ut i løna arbeid etter konfirmasjonen medan byungdomen i langt større grad kunne gå vidare på skular. Landsungdomen måtte då oftast reisa vekk for å finna arbeid og var heime berre i helgene. Men då var det mange stadar vanleg at alle samlast på dansar og festar på laurdagskvelden. I Os-krinsen derimot skal slikt samvær lenge ha vore vanskeleg, og særleg sønner og døtre av dei mest velstående heldt seg i egne kretsar. Men sjølv der beilarane fritt fekk



*Johan Anton Mohr Mowinckel (1843—1918) bygde denne eventyrlige trevillaen på Moldegård etter at han fekk kjøpa eigedomen i 1883. Men før det var det Mowinckel-familien vanlege landliggjærar på garden til Anders A. Hauge (1838—1903). Bilete er utlånt frå Lokalhistorisk arkiv, Os.*

stryka om husnøvene i seine nattetimar var det uhyre sjelden at det vart alvor av det. Giftarmålet hørte til dei vaksne si verd og her var det Alvoret som rådde grunnen og ikkje leiken.

## Å bu under same tak

Det som kanskje forbausar ein mest i dag, er kor tett innpå kvarandre dei må ha levd, når både byfamilien og gardsfolket måtte bu under same tak. No hadde bygningsmassen vorte langt betre på dei fleste gardane i Os i siste halvpart av 1800-talet. Mange nye og større våningshus vart bygd, og det var nok dei som rekna seg litt ekstra plass med tanke på å husa byfolk òg. Ofte måtte gardsfolket bu både trengt og kummerleg for å tena seg dei sårt tiltrengte kronene.

Sjølvsagt var det lytt i desse husa, og mange stadar måtte dei dela kjøkken og gong. Likevel gjekk dei ikkje i vegen for kvarandre. Døgnrytmane var som oftast så ulike, at dei knapt såg kvarandre heile dagen. By og land åt til forskjellige tider den gongen, og arbeidsdagen på garden byrja medan byfolket enno sov sin djupaste søvn. Men her var det ikkje berre gardsfolket som måtte «gå på tå hev». Det var viktig for byfamilien å ha eit godt forhold til vertskapet for å halda på plassen. Ofte var det den same familien som leigde i mange år på rad, ja i fleire ti-år. Men med dei store sommarvillaene og hyttebygginga byrja ei ny tid.

## Den anonyme hytteeigaren tek over

Ein avgjerande skilnad mellom hytteeigar og landliggjær var forholdet til eigedom. Landliggjæren leigde både hus og båt; båtfeste, kai, vegar og strender fekk han nytta på like line med dei bufaste. Med hytteeigaren kom den private eigedomsretten inn i biletet, bymannen kjøpte seg til einerettar. Motsetningane mellom landliggjæren og vertskapet var nok til stades, men her var det ei gjensidig interesse i å ha eit godt forhold. Med hyttekulturen derimot var det langt fleire interessekonflikter samstundes som det var langt mindre nytte og forteneaste å henta for dei bufaste.

17. mai-stemminga på bygdene når byfolket kom første dagane av skuleferien, fekk ikkje si forsetjing med hyttefolket. Hyttefolket kom meir sporadisk og kanskje ikkje i fellesferien eingong. Dei har sine hytter på aude holmar og langt frå folk og vert knapt registrerte av lokalmiljøet. Handelsmannen merkar auka omsetnad, og trafikken på sjø og land er tydeleg større enn elles i året. Men det er ikkje lenger det same folkelivet som med landliggjærkulturen, sjølv om det er mykje dei same familiane som før. Med fredslutninga i 1945 vart det ein brå slutt for landliggjærtrafikken, og somrane vart med eitt ikkje så livfulle som i hine gode dage.

Note 1: Sitatet er henta frå A.K. Engevik sin artikkel «Ruteferdsla mellom Bergen og det indre Hardanger», Bygdesoga for Os 1980, kulturhistorisk band s. 158.

Til kjøkken, bad og vaskerom  
har vi det meste, så berre kom  
og kjøp det du treng, vi installerar,  
når gamle røyr ryk, vi reparerar.



**Sverre Samdal**  
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat (05) 30 02 55  
Kontor: (05) 30 15 83  
Mobil: 090 71461



**Skal du pusse opp?**

**Kjøp verktøyet nå!**

**P. M. SÆLEN & CO. A/S**

Tlf. (05) 30 04 00 - 5200 Os

Luna

Me har stolar og sofakrok  
der du kan kosa deg med  
ei bok.

Me har også seng og bord,  
både for liten og for stor.

**Møbelservice  
på Sjøteland**

Tlf. 30 71 70 - 30 72 31

6537 DAG Bannen



I sentrum  
når det gjelder  
bankforretninger.

Me sel måling til tak og vegg  
Me mjuke tepper på golvet legg  
Me skaffar gjødsel til hagen din  
så plenen veks seg grøn og fin

**A.s Os Fargehandel**

5200 OS - TLF. 30 03 80 - 30 14 72  
Avd. INTERIØREN - Tlf. 30 03 80

**Roser og  
dekorasjonsplanter**

**Erling og Terje Lunde's Gartneri**

5228 Søre Neset - Tlf. 30 52 28



TREFF **FOTO**

FOTO LABBEN I  
OS GLASSMAGASIN  
Flåten Senter - 5200 Os  
Telefon 30 11 69

### Times levering av fargebilder

Forstørring 15x20 og 20x30

Ferdige rammer i tre og metall.  
Innramming av bilder - maleri - posters -  
stramei - kunstbroderier etc.

## OS GLASSMAGASIN A S

«Butikken med fantasi og miljø»

«Som regel først  
med det siste».

Forhandler for:  
Hadeland Glassverk og Bing og Grøndahl (porselen).



arkitektkontoret bergen · os

SVENSGÅRDEN - BRYGGEN - 5003 BERGEN TELEFON (05) 32 79 58 / 31 55 50  
BRUGATA - POSTBOKS 291 - 5201 OS TELEFON (05) 30 11 21

Blomar og planter  
i store parti  
me kjøper og sel  
frå vårt gartneri.

**a/s byssand**  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 30 55 10

*Me har alt du treng som malar  
når du eigenhendig balar.  
Men me hjelper gjerne til  
når du sleppa mala vil.*

 MALERMESTER  
**ARNE STRØNEN** 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 30 80 81 - BUTIKK: 30 11 80

*Vestlands-  
lefsa  
til kvardag  
og fest,  
smakar alltid best*

*Vestlands-  
LEFSA*

**BØE LEFSEBAKERI A.S**

5200 OS - TELEFON (05) 30 03 20 - (05) 30 03 47

*Vi har mykje meir enn du anar*

# S. TVEDT A/S

OS – Tlf. 30 10 10

*Kjøkken, bad, spesialinnredninger, vindu,  
dører og trapper*

## *Hæglands Interiørfabrikk a.o*

ROLVSVÅG, 5658 ÅRLAND – TELEFON 58 81 82

KONTOR OS – TELEFON 30 10 85

**Når du treng BORD ELLER SENG  
ELLER EIN SOFA TIL HYGGE OG KOS  
Kom til møbelsenteret på Os**



*Me har alt det som du søker  
av skrivesaker og av bøker.*

## M. K. OLSEN

BOK- OG PAPIRHANDEL A.S

5200 OS

Telefon: (05) 30 04 30

I kvardagslag som til brudlaupsfest  
brød og kaker frå oss er best.

## NESSE HEIMEBAKERI

Søre Neset — Tlf. 30 52 24

*Ein blome til kvardags,  
ei rose til fest –  
til heimebruk, eller når  
du er gjest!*



## Halhjem Gartneri

Tlf. 30 51 78



Kommunalteknikk  
Vannverk og avløpsanlegg  
Bygnings- og anleggsteknikk

Utredning, prosjektering,  
byggeledelse, kontroll.

## Prosjektering a.s

TEKNISK - ØKONOMISK PLANLEGGING

Handlegården, Os — Tlf. 300609 - Fax 302474



Halhjemsveien - 5200 Os

**Tek på meg all slags bosskøyning.**  
**Ring tlf. 305314, mobil 090-67935 - 090-51831**

*Vårt kontor står til tjeneste med  
planlegging, prosjektering og oppfølging  
av større og mindre byggeoppdrag.*

**NYBYGG • TILBYGG • OMBYGGING**

### LARS LEKVEN

ARKITEKT M.N.A.L.  
TELEFON (05)300659  
BJØRNEGÅRDEN — 5200 OS

### LARS LEKVEN

ARKITEKT M.N.A.L.  
TEL.(05)327950 - 324172  
KOMEDIEBAKKEN 9  
5000 BERGEN

## DRANGE BRUK A/S

Høvel- og skurdlast  
Panel - lister - golv  
Trykkimpregnerte materialar

TELEFON (05)309292 - MOBIL-TLF. 090-68248

5212 LYSEKLOSTER



*Sag og høvleri*

**ALT TIL  
GUNSTIGE  
PRISER**



**GJENSIDIGE**  
Vest, avd, Os

# TRENGER DU LÅN?

Da bør du prøve Gjensidige. Vi kan tilby deg de fleste typer lån til betingelser du vil bli overrasket over. Vi kan også refinansiere.

*Kontakt oss for en prat.*

Avtal tid, eller kom gjerne innom for en helt uforpliktende prat.

**Kontor Os, tlf. 30 04 88**



**Hiba gruppaa**

*Når eit hus du byggja vil,  
skal me gjerne hjelpa til.*

# hiba hus

HIBA HUS OG HYTTER -  
KJØKKEN - JERNVARER  
KAMINER - BYGGESERVICE -  
TEGNEKONTOR

**ODD TØSDAL**  
**BYGG A:S**

**TRELAST OG BYGGEVARER**

FLÅTEN - POSTBOKS 70 - 5201 OS - TLF.: (05) 30 02 50